



Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

24/4848-2

13. januar 2025

Svar på dokument 8:38 S (2024–2025) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Mudassar Kapur, Sandra Brufnot, Anne Kristine Linnestad og Charlotte Spurkeland om ein gjennomgang av kommunesektorens oppgåver og tilskot

Eg viser til brev frå Stortingets kommunal- og forvaltningskomité av 19.12.2024 og representantforslag 8:38 S (2024–2025) om ein gjennomgang av kommunesektorens oppgåver og tilskot. Under følger kommentarar til forslaga i representantforslaget.

- 1. Stortinget ber regjeringa gjere en gjennomgang av lovpålagte oppgaver til kommunesektoren. Formålet er å øke det lokale handlingsrommet slik at kommuner og fylkeskommuner får økt frihet til å prioritere og sikre innbyggerne tjenester av høy kvalitet. Det skal også vurderes hvilke oppgaver som kommuner kan løse etter frikommuneprinsippet.**

Rammestyringsprinsippet er hovudprinsippet for staten si styring av kommunesektoren. Unntak i form av meir detaljert styring skal vere grunngjeve i ei konkret vurdering av om ei slik innskrenking i den kommunale handlefridomen er forholdsmessig sett opp mot nasjonale mål som likeverd og rettstryggleik. Juridisk og økonomisk rammestyring er ein føresetnad for at kommunane skal kunne levere gode tenester på dei mange områda dei har ansvar for, tilpassa innbyggerane sine behov nå og i framtida. Regjeringa er opptatt av å slå ring om rammestyninga og arbeide for å redusere styringstrykket på kommunesektoren og gje kommunane større handlingsrom på dei områda der vi meiner det er riktig og hensiktsmessig. Eit viktig grep er å sikre at dersom nye oppgåver skal påleggast kommunane så skal det skje gjennom lov og forskrift og slik sikre god involvering av kommunane. Difor er eit av grepa eg og regjeringa har gjort, å legge fram for Stortinget forslag til lovendingar som ryddar opp i oppgåveoverføring til kommunane på andre måtar

enn gjennom lov og forskrift (Prop. 107 L 2023–2024). Endringane blei vedtekne av Stortinget i haust. Det er eit viktig steg for å unngå ytterlegare pålegg og styringstrykk.

Eg arbeider også med å gje kommunane større handlingsrom gjennom forenklingar på fleire ulike område. Døme er tiltak som aukar kommunane sitt handlingsrom innan planlegging av bustadsamansetning, samt utvikling av digitale verktøy innan både arealsaker, byggesak og bustadsosialt arbeid som lettar administrative prosessar og forvaltning, slik at kommunane kan bruke tida si på andre oppgåver. Regjeringa har nyleg presentert nye statlege retningslinjer for areal og mobilitet som opnar for differensiering av arealforvaltninga med tydelegare utgangspunkt i korleis kommunen faktisk ser ut, og KDD gjennomgår no også motsegnsinstituttet for å kartlegge korleis dette vert brukt og korleis ein kan få ei best mogeleg praktisering av det. Regjeringa endrar oppdragsbrevet til statsforvaltaren på ein måte som skal framheve rettleiarrolla til statsforvaltaren. Målet er at statsforvaltaren og andre statlege etatar i endå større grad skal dele kunnskap med kommunane og bidra til kommunane til dømes i ein tidleg fase i planarbeidet.

Den krevjande situasjonen i kommunesektoren, både når det gjeld økonomi og tilgang til arbeidskraft, har sett staten si styring av kommunesektoren høgt på dagsordenen og gjer det arbeidet regjeringa gjer på dette området viktigare. Eg er opptatt av å lytte til kommunane sjølve i denne situasjonen. På det bilaterale konsultasjonsmøtet eg hadde med KS i desember i fjor diskuterte eg og KS-leiaren korleis vi saman kan arbeide for ein berekraftig kommunesektor. KS har bedt medlemmane sine om innspel til kva for regelverk dei meiner særleg utfordrar det lokale handlingsrommet. Eg har avtalt eit nytt møte med KS om desse innspela seinare i vinter. Eg registrerer òg at KS er invitert til Stortinget i januar for å presentere sitt syn og diskutere utfordringane sektoren står ovanfor.

Å vurdere om ulikt regelverk er tilpassa situasjonen vi til ei kvar tid står i, er ei sentral oppgåve for departementa. Regjeringa og eg vurderer løpande korleis vi gjennom regelverk og andre rammetilhøve best kan legge til rette for at kommunar og fylkeskommunar skal kunne gi innbyggerane gode tenestener. Innspela frå kommunane vil vere sentrale i desse vurderingane.

Når det gjeld forsøk viser eg til at Stortinget ved handsaminga av Prop. 110 S (2021–2022) Kommuneproposisjonen 2023, bad regjeringa om å legge til rette for etablering av frikommuneforsøk etter inspirasjon frå Danmark. I mai 2023 inviterte kommunal- og distriktsministeren, på vegne av regjeringa, kommunar og fylkeskommunar til å søke om forsøk (frikommuneforsøk) – og dermed bli forsøkskommunar. Kommunal- og distriktsdepartementet fekk 87 søknadar frå 77 kommunar og 3 fylkeskommunar. Søknadane dreidde seg om mange ulike tema, og nokre kommunar søkte om fleire forsøk. Søknadane er vurderte i samarbeid med dei aktuelle fagdepartementa. 12 søknadar er valde ut til å gå vidare i forsøksordninga, med sikte på å etablere konkrete forsøk. Forsøka handlar mellom anna om å prøve ut nye løysingar innafor opplæring i grunnskulen, plansystemet og interkommunalt samarbeid. Fire forsøk på opplæringsområdet er no endeleg godkjende, med heimel i opplæringslova. Kommunal- og distriktsdepartementet og involverte fagdepartement

følgjer opp dei andre søknadane som er med vidare i forsøksordninga, fram mot innsending av endeleg søknad. Forsøka som blir godkjende vil bli evaluerte.

Dei konkrete vurderingane som ligg til grunn for forsøkssøknadane som fekk avslag går fram av departementet sine svarbrev til søkerane. Hovudgrunngevingane for avslaga er omtalt i Prop. 102 S (2023–2024) Kommuneproposisjonen 2025.

Det er ikkje lagt opp til nye søknadsrundar i forsøksordninga. Eg vil likevel streke under at forsøksregelverket gjeld uavhengig av forsøksordninga som regjeringa inviterte til i 2023. Det betyr at kommunar og fylkeskommunar framleis kan søke om forsøk, men då utanfor forsøksordninga. Ev. søknadar blir vurderte i samarbeid med fagdepartementa som det gjeld. Sjølve forsøksordninga skal også evaluerast. Departementet ønskjer å få evaluert om denne forsøksordninga er ein hensiktsmessig måte å leggje til rette for forsøk på. Det inneber ei gjennomgang av rammene for forsøksordninga, inkludert invitasjonen til forsøk og behandlinga av søknadane. Evalueringa skal òg samanlikne innretninga av forsøksordninga i Noreg med ordningane i Sverige og Danmark.

2. Stortinget ber regjeringa oppdatere områdegjennomgangen av øremerkede tilskudd til kommunesektoren, og komme tilbake til Stortinget med forslag om å innlemme flere tilskudd i kommunerammen.

Overføringar til kommunesektoren blir som hovudregel løyvde over på postane 60–69 på statsbudsjettet. Sidan 2020 har dei årlege kommuneproposisjonane inneholdt ein oversikt over løyvingane på alle 60-postar, med unntak for rammetilskota til kommunane og fylkeskommunane og kompensasjonsordning for meirverdiavgift, frå saldert budsjett for dei ulike åra. Dette er ein noko smalare definisjon enn det som blei nytta i områdegjennomgangen av øyremerkte tilskot frå desember 2017, men oversikten i kommuneproposisjonane gjev eit godt bilete av tilskota som inngår i kommuneopplegget i statsbudsjettet.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet blir vurdert i arbeidet med dei årlege statsbudsjetta.

Med helsing



Erling Sande



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

24/4848-5

14. februar 2025

Svar på spørsmål til Dok 8:38 S (2024-2025) Representantforslag om en gjennomgang av kommunesektorens oppgaver og tilskudd

Jeg viser til brev fra Stortingets kommunal- og forvaltningskomité av 13. februar 2025 med spørsmål om hvordan jeg vurderer forslagene daværende statsråd Sande uttalte seg om i brev til komitéen av 13. januar 2025.

Jeg deler daværende statsråd Sandes vurdering av forslagene. Regjeringen er opptatt av å slå ring om kommunesektoren og redusere styringstrykket, slik at kommunene får større handlingsrom. Dette vil jeg følge opp.

Jeg vil særlig understreke viktigheten av å lytte til kommunene selv i dette arbeidet. Departementet er sammen med KS i gang med å forberede et møte der KS-lederen og jeg med utgangspunkt i innspill fra landets kommuner om hva som særlig utfordrer det lokale handlingsrommet, skal diskutere utfordringene sektoren står overfor.

I kommuneproposisjonen for 2026, som legges fram i mai, tar jeg sikte på å orientere Stortinget om status for kommune-Norge og om regjeringens arbeid for en bærekraftig kommunesektor som er i stand til å levere gode tjenester til innbyggerne også i framtiden.

Med hilsen

Kjersti Stenseng